

Aktuell

Møya som drøymde om mellomalderen

– Mellomalderballadane er aktuelle den dag i dag, seier platedebutant Lajla Renate Buer Storli.

Plata heiter *Møya som drøymde*, etter ein av mellomalderballadane som Storli syng til harpespel av Stein Villa. Ho er også hardingfelespelar og har med seg songarane Kim André Rysstad og Kirsten Bråten Berg og Knut Hamre på fele. Lajla Renate Buer Storli er frå Ullensvang i Hardanger og har spela fele sidan barndomen.

– Kva er det som gjer desse mellomaldersongane aktuelle no?

– For det første er det dramatiske tekstar som handlar om krig og kjærleik, om sorger og gleder, og eg likar dramatikken i dei. Men då eg byrja å samle dei, visste eg lite om at der var ein balladeskatt som blønde der eg kjem frå, i Hardanger og Voss, frå mellomalderen, mange også med røter utanlands frå. I Hardanger har vi også nokre av dei best ivaretekne bygningane og gjenstandane frå denne tida, som ridargarden og lagmannsstova på Aga.

– Kvifor vart du sjølv felespelar?

– Eg voks opp på ein gard med mykje musikk der oldefar også var felemakar. Eg byrja å spele som tiåring, og det var tidleg klårt for meg at dette skulle eg drive med.

– Kva gjorde deg interessert i mellomaldermusikken?

– Eg har arbeidd i fleire år med å finne folkemusikk frå Hardanger og Voss som ikkje lenger er i bruk, og Olav Sandes funn på 1900-talet har vore ei lukke for meg.

– Kven var han?

– I byrjinga av 1900-talet var han lærar i Hardanger og fekk stipend av staten til å samle songar frå heile Vestlandet, som no er å finne i arkivet til Nasjonalbiblioteket. Då eg byrja å arbeide med materialet, oppdaga eg at det var skrive berre nokre få vers. Eg måtte leite etter den manglande teksten ved å hente ut vers frå andre balladar i arkivet. Opphavet til både tekstane og melodiane er gjort greie for i CD-heftet.

– Innimellom har du med berre slåttar, utan tekst. Kvifor?

– Vi måtte ha litt avveksling, og det er gode slåttar, seier Storli, som sist veke hadde sleppkonsert til stor åtgang under Landskappleiken på Røros.

– Musikken er ein del av historia vår, og formidlinga er viktig når vi spelar konsert, der vi fortel meir om bakgrunnen for balladane.

– Du har også med deg to andre songarar?

– Kirsten Bråten Berg har alltid vore eit førebilete, og ho har vore til stor hjelp i arbeidet med balladane. Kim André Rysstad er også ein fantastisk songar, Knut Hamre har vore lærermeisteren min på fele, og Stein Villa frå Gjøvik har med langeleik, harpe og fløyter.

– Kva er det med 1200-talet?

– Det var ein stor periode, og under kong Eirik Magnusson hadde vi også ein riddar, Sigurd Brynjulvsson på Aga i Ullensvang, som var riksråd. Hardingane var eit farande folk som tok med seg musikk frå andre land heim til Noreg. Og vi har ei lagmannsstove frå om lag 1250 som er den einaste i sitt slag. Der spela vi inn plata vår.

ROALD HELGHEIM



Lajla Renate Buer Storli har samla mellomalderballadar. Foto: Aimée Markussen Hansen

Orientalisten Ha

For å forstå Knut Hamsun må ein forstå den særeigne skandinaviske orientalismen, meiner Ronald Rusaanes.

LITTERATUR

RONNY SPAANS
ronny@dagogtid.no

Orientalismen hos Knut Hamsun knyter vi gjerne til ein viss periode i forfatterskapen hans. I 1899–1900 gjorde diktaren ei lengre ferd til Orienten. Han reiste til Russland og fór derifrå vidare til Kaukasus og Tyrkia. Ferda resulterte i dramaet *Dronning Tamara* og reiseskildringa *I Æventyrland. Oplevet og drømt i Kaukasien*, begge frå 1903 – i tillegg til seks avisartiklar for *Aftenposten*, samla i novellesamlinga *Stridende liv*.

Men inntrykka Hamsun tok imot frå lesing om og vitjing i Orienten, kan ikkje berre knytast til den tidlege perioden. Det meiner Ronald Nystad Rusaanes, som har skrive studien *Nirvanas bulder. Knut Hamsun og Orienten*. I boka omtalar Rusaanes òg andre forfattarar som August Strindberg og Johannes V. Jensen, men det er Hamsun som får mest merksemd.

Rusaanes er elles kjend som arrangør av den nye litteraturfestivalen «Det vilde Ord», som går av stabelen i Bodø i juni kvart år.

«NIRVANAS BULDER»

I litteraturhistoria blir orientalismen gjerne knytt til straumdraget nyromantikken, som dominerte i perioden 1890–1905.

Under nyromantikken skulle kunsten rette blikket mot det umedvitne indre livet hos mennesket. Religiøse livskjensler og inspirasjon frå Austen stod sentralt.

Vilhelms Krag's dikt «Fantago» markerer byrjinga på den nyro-



– Den skandinaviske orientalismen var på ingen måte uttrykk for vestleg imperialisme.

Ronald Rusaanes,
litteraturvitar

mantiske perioden. Diktet er fylt med orientalske tilvisingar. Dei austlege innslaga finn vi òg

att i Hamsuns mest kjende dikt «Skærgaardsø», der siste strofe inneheld ei påkalling av «Nirvanas bulder».

– Det ljodmålande «Fandango» har ført til at nyromantikken blir sedd på som ei rein estetisk rørsle. Men rørsla rømer òg ei større djupn, og det er meir tydeleg hos Hamsun enn hos andre nyromantiske diktarar.

Rusaanes fortel at Hamsun fekk ei djupare forståing av Austen då han i ungdomsåra budde hos forfattaren og presten Kristoffer Janson i Amerika og studerte bøkene i biblioteket hans, mellom anna skriftene til Ralph W. Emerson, som var inspirert av indisk filosofi. Denne interessa må forståast i ljøs av det veksande amerikahatet hos Hamsun, meiner Rusaanes:

– Det rolege og kontemplative ved orientalismen oppfatta Hamsun som ein kulturell og eksistensiell motpol til det larmande, hastige og overflatiske liv i Vesten. I orientalismen fann Hamsun eit motsvar til moderniteten.

TRE LIVSFASAR

Men orientalismen er ikkje ein konstant faktor hos diktaren. Rusaanes brukar Kierkegaards teori om dei tre «stadia på livsveg» til å forklare utviklinga av straumdraget i forfatterskapen. Hos Hamsuns finst ei utvikling

Piratane lurde Stephen King

Stephen King ville gje ut si siste bok berre på papir. Men elektroniske piratkopiar er alt tilgjengelege.

LITTERATUR

RONNY SPAANS
ronny@dagogtid.no

«Eg har ingen planar om å gje *Joyland* ut som e-bok», uttala den amerikanske grøssarforfattaren Stephen King (65) for nokre veker sidan. «Lesarane må finne attende til bokhandlane», heldt han fram.

Den nye grøssaren til King, *Joyland*, vart lansert i byrjinga av juni. King ville altså meir med boka enn å underhalde; han ville rette søkjeljoset på krisa i amerikanske bokhandlar, som er skapt av det aukande salet av e-bøker gjennom nettet. Men teknologien kom han i forkjøpet. Ei piratkopiert e-bok av *Joyland* sirkulerer for augneblinken på verdsveven, melder *The Guardian*.

Utgjevaren, Charles Ardai ved *Hard Case Crime*, tek nyhenda med knusande ro:

«Som forleggjar prøver du å

stogge det når du oppdagar det, men det blir som å slåst mot narotikahandelen – lukke til! Kverret ein båtlast med heroin, og kva ser du? Stendig nye båtar, stendig meir heroin.»

Ardai trur likevel at forbrukarane av piratkopiane representerer ein liten del av boklesarane, og at ei eventuell e-bok-utgjeving av *Joyland* også ville ha vorte piratkopiert. Men det tyder ikkje at vi ikkje skal kjempe mot den ulovlege verksemda, strekar han under.

KAMP MOT PIRATKOPIAR

Denne kampen har Fraunhofer Institut i München teke alvorleg. Forskarar tilknytte institusjonen er på jakt etter metodar til å vanskeleggjera ulovleg kopiering av e-bøker. Den nye kopisperra til bøker, DRM (*digital rights management*), endrar visse ord i ein tekst som blir ulovleg kopiert, melder nettstaden *PaidContent*. «Usyn-

leg» blir til dømes «ikkje synleg», «usunt» «ikkje sunt» og så bortetter. Det vil gjera det lettare å spore pirateksempelar av eit åndsverk.

Forskar Martin Steinbach hevdar at dette initiativet, som har fått namnet SiDiM og som har teke imot midlar frå den tyske forlags- og bokhandlarforeininga, blir møtt med motvilje. Men ikkje frå forleggjarane – reaksjonane kjem frå forfattarane sjølve.

– Dei ottast at slike automatiske utskiftingar vil gjera kvaliteten på verka deira dårlegare, seier Steinbach til *PaidContent*. Steinbach vektlegg samtidig at dette er ein teknologi som enno er under utvikling.

– For femten år sidan, då digitale vassmerke for audio-applikasjonar vart innførte, vekte dei liknande reaksjonane hos musikanarane. Men i dag er dei standard. Vi treng tid før vi finn fram til den beste løysinga.